

Forskrift om feie- og tilsynsavgift, Bykle kommune, Agder

Dato	
Ikraftsetjing	
Gjeld for	Bykle Kommune, Agder
Heimel	LOV-2002-06-14-20-§28
Kunngjort	

Heimel: Fastsett av Bykle kommunestyre, dato..... med heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 28.

§ 1. Føremål

Forskrifta skal ta hand om førebyggjande brannvern og også bidra til at kommunen får dekkja sine utgifter ved gjennomføring av lovbestemt feiing og tilsyn med fyringsanlegg som vert nytta til oppvarming av byggverk.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld feiing og tilsyn av alle fyringsanlegg i Bykle kommune der lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) og forskrift om brannforebygging pålegg dette. Forskrifta erstattar eventuelt tidlegare forskrift om gebyr for lovbestemt feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Feiing og tilsyn utførast av Setesdal Brannvesen IKS. Kommunen har delegert kommunens mynde etter lova, til Setesdal Brannvesen IKS gjennom selskapsavtalen.

§ 3. Storleik på avgift

Avgifta skal dekke Kommunens utgifter til lovbestemt feiing og tilsyn i samsvar med forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging § 17 basert på sjølvkostprinsippet.

Storleik på avgifta vert vedteken årleg av Kommunestyret

Det skal krevjast gebyr frå eigar av byggverk med eitt eller fleire fyringsanlegg, uavhengig av om fyringsanlegget er i regelmessig bruk eller ikkje.

Gebyret skal vere årleg og gebyrsatsane vert fastsette kvart år av kommunestyret og kjem fram av gebyrregulativet. Gebyrplikta er ikkje knytt opp mot tidspunktet for feiing eller tilsyn.

Gebyret per byggverk vert fastsett etter mengda røykkanalar knytte til byggverket. Der fleire bueiningar deler same røyklaup, skal kvar enkelt bueining betale den fastsette feie- og tilsynsavgifta.

Det skal krevjast tilsynsgebyr for byggverk med fastmontert gassanlegg som vert nytta til oppvarming av bustad.

Kommunen kan differensiere gebyra for ulike abonnentgrupper. Prisstrukturen kjem fram av gebyrregulativet.

Krav på gebyr etter brann- og eksplosjonsvernlovas § 28 er tvangsgrunnlag for utlegg og kan krevjast inn av skatteoppkrevar etter reglane for innkreving av skatt.

Feie- og tilsynstenesta kan utføre andre oppgåver i direkte tilknytning til feiing og tilsyn med fyringsanlegg dersom dette berre medfører ei ubetydeleg auke i tidsforbruket og derfor kan akseptertast dekkja innanfor avgifta.

§ 4. Avgift ved ikkje utført feiing

Avgifta vert krevd inn også der feiar etter varsel ved oppmøte til fastsett tid, ikkje har fått tilfredsstillande tilkomst til fyringsanlegget fordi eigar eller brukar ikkje har vore til stades, eller lagt til rette for tilkomst til fyringsanlegget.

§ 5. Avgiftsfritak

Kommunen kan etter skriftleg søknad gje fritak frå å betale gebyr.

Føresetnaden for avgiftsfritak er at fyringsanlegget ikkje er i bruk over tid, samt at det er tilfredsstillande sikra mot bruk. Tilfredsstillande sikring mot bruk vil vere ein fysisk adskiljing av den varmeproduserande eininga (eldstad) og skorsteinen. Dette skjer ved å fjerne røykrørstilkoplinga og mure igjen hol i skorsteinen. Alternativt kan eldstad eller røyklaup fysisk plomberast.

Når tilfredsstillande sikring er gjennomført, skal avgift ikkje fakturerast. Det er eigar eller brukar av fyringsanlegget som er ansvarleg for å underrette kommunen (ved søknad om fritak for feie- og tilsynsavgift) at fyringsanlegget ikkje lenger er i bruk, samt gje melding til kommunen dersom det vert teke i bruk att.

§ 6. Hyppigheit for feiing og tilsyn

I samsvar med Forskrift om brannforebygging §17 skal feiing og tilsynstenester utførast etter behov. Behovet vert fastsett etter ei risikovurdering av kvart enkelt anlegg.

§ 7. Innkrevjingsordning

Avgifta vert krevd inn som ei årleg avgift. Avgiftsplikta er ikkje knytt opp mot tidspunktet eller fastsett intervall for feiing eller tilsyn.

Avgifta vert krevd inn saman med dei andre kommunale avgiftene for å oppretthalde eit rasjonelt innkrevjingssystem.

§ 8. Handheving og sanksjoner

Lokalt tilsyn, handheving og sanksjonar skal finne stad i samsvar med føresegna i [lov 14. juni 2002 nr. 20 brann- og eksplosjonsvernlovens kapittel 7](#).

§ 9. Klage

Klage på vedtak gjort i medhald av denne forskrifta vert framsett skriftleg til Bykle kommune.

Klage på vedtak etter denne forskrifta vert avgjort av kommunes klageutval.

Saksbehandlinga ved klager følgjer føresegna i lov 10. oktober 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker ([forvaltningsloven](#)).

§ 10. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft frå